



Kaland Trelast AS
Kjeilevegen 45
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5310 - 15/2299

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
04.02.2015

Ferdigattest - gbnr 107/11 Kolås - bustad

Tiltakshavar: Geir Arne Svåsand, 5285 Bruvik

Ansvarleg søkjar: Kaland Trelast AS, 5953 Fønnes

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 14.03.2011(rammeløyve). For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.02.2015.

Skildring

Adresse:	Kolåsvegen 130 (A,B,C og D)
Bygningstiltak:	Tomannsbustadar
Bygningsnummer:	300210337 og 300210344
Bruksareal:	198 m ² pr. bustad
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	2 pr. bustad

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bustadbygg med 4 einingar på gnr. 107, bnr. 11.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksending krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen



er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Geir Arne Svåsand
NGIR

Postboks 10 5285
Kjevikdalen 5956

BRUVIK
HUNDVIN

Mottakarar:

Kaland Trelast AS

Kjeilevegen 45 5953

FONNES